

Vedtekter for skulefritidsordninga i Suldal kommune

Gjeldande frå 01.03.2018 (vedtatt i Levekårsutvalet februar 2018)

§1 EIGARFORHOLD OG SKULEFRITIDSTILBOD

Suldal kommune skal gi tilbod om skulefritidsordning (SFO) ved alle barneskulane i kommunen før og etter skuletid dersom det melder seg nok barn.

Suldal kommune driv SFO etter gjeldande lovverk og kommunen sine vedtekter og retningslinjer. Opplæringslova § 13-7 inneheld dette om SFO:

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår.

Tilbodet er for barn i 1. – 4. årssteg og for barn med særskilte behov i 1. – 7. årstrinn.

§2 SØKNAD OM OPPTAK

Søknad om opptak skal gjerast via elektronisk søkesenter, sjå kommunen si nettside. Skulane, eller kommunen sitt servicetorg, kan og gje hjelp til å søkja.

Hovudopptak for hausten skjer med søknadsfrist 1. mars dersom ikkje anna blir kunngjort. Det kan og søkjast om plass i SFO gjennom året. Skriftleg stadfesting vert sendt etter endeleg opptak er gjennomført.

Dersom eit barn treng særleg tilrettelegging for å vera i SFO (t.d. ekstra utstyr, ekstra tilsett), må føresette opplysa om det i søknaden og eventuelt dokumentera behovet.

Rektor gjennomfører opptak. Etter forvaltningslova §29 er dette eit enkeltvedtak med rett til å klaga på avgjerda innan tre veker etter mottatt svar.

Barnet som får opptak i SFO har denne plassen til han/ho går ut av 4. klasse, dersom ikkje det blir søkt om endring eller plassen blir sagt opp.

§3 OPPTAKSKRITERIUM

Alle som søker skal få plass så langt det er muleg. Dersom det er fleire søkjarar enn SFO har plass til, vert inntaket prioritert slik:

1. Barn med særlege behov med uttale frå PPT, ev. anna faginstans (Gjeld 1.- 7. årssteg).
2. Barn som har eineforsørgjar
3. Dei yngste barna har prioritet framfor eldre barn.

§4 OPNINGSTID

SFO har som hovudregel opningstid måndag t.o.m. fredag, frå kl. 07.30 om morgonen og stengjer kl. 16.30. Rektor ved den einskilde SFO fastset opningstid i høve til behov og kan vurderer lokale tilpassingar. Dette grunna ulike start- og sluttider for skulane. SFO er stengt i skuletida.

Det bør vere minst tre barn på SFO før rektor vurderer å halde ope. Dersom det er færre barn,

kan rektor vurdere å gi SFO-tilbod i samarbeid med barnehagen. Der tilhøva ligg til rette for det, kan ein samarbeida med barnehagen om SFO-tilbod morgonar, ettermiddagar og i feriar.

SFO har som normalordning ope alle skuledagar. Merk at SFO har stengt om sommaren frå og med veke 27 til og med veke 30, og på skulen sine planleggingsdagar.

Føresette oppgir i søknaden kva pakkar dei søker plass for.

Tid der elevane får leksehjelp, skal ikkje reknast med i SFO-tida. Dette gjeld ikkje for andre kultur- og fritidsaktivitetar.

§5 ENDRING AV OPPHALDSTID OG FRIST FOR OPPSEIING AV PLOSS

Endring av opphaldstid og oppseiing av plass skal skje i søknadsportalen. Fristen for oppseiing er ein månad (oppseiingsmånaden + etterfølgjande månad). Det same gjeld ved søknad om endring eller reduksjon i opphaldstid.

I særskilde høve (t.d. ved sjukdom eller ikkje planlagt flytting) kan rektor fastsetje kortare oppseiingstid.

§6 PLASSTYPE, FORELDREBETALING OG FAKTURERING

Kommunestyret fastset satsar for foreldrebetaling i SFO. Prisen for tilbodet i eitt år vert fordelt på 10 månader. SFO er stengt i fire veker om sommaren.

Ein kan velja mellom følgjande plasstypar:

- SFO 1 - 07.30-skulestart + skuleslutt til 15.00
- SFO 2 - 07.30-skulestart +Skulesutt til 16.30
- SFO 3 - Onsdag SFO /Fredag SFO
- SFO 4 - Feriepakke 1 – full ferie
- SFO 5 - Feriepakke 2 – ferie tre veker

Tilfeldige skuledagar kan kjøpast for 150 kr pr. dag dersom det er plass. Tilfeldige heile dagar kan kjøpast for 450 kr pr. dag dersom det er plass. Det blir ikkje gitt søskenmoderasjon på tilfeldige dagar. Det er ikkje høve til å overføre ubrukte timar frå ein dag eller veke til ein annan.

Dagleg opningstid i ferien er mellom kl. 07.30 og 16.30. Desse feriedagane er SFO i utgangspunktet ope:

- **August:** frå veke 31 til skulestart
- **Hautferie:** 5 dagar
- **Desember:** frå skuleslutt t.o.m. 31.12 (jul- og nyttårsaftan til kl. 12.00)
- **Vinterferie:** 5 dagar
- **Påskeveka** fram til og med onsdag før skjærtorsdag kl. 12.00.
- **Juni:** frå skuleslutt og ut veke 26. SFO-tilbod på ferie- og fridagar blir bare gitt for full dag. Tilbodet kan bli lagt til annan skule enn den vanlege på slike dagar.

Søskenmoderasjon og refusjon

Det vert gitt søskenmoderasjon dersom ein har andre barn i barnehage/SFO.

Fakturering, foreldrebetaling, fritak for foreldrebetaling m.m.

- **Fakturering.** Det vert sendt faktura forskotsvis kvar månad ca. 3 veker før betalingsfrist for dei som har fast plass. Ved kjøp av tilfeldige dagar blir det fakturert etterskotsvis.
- **Friplass.** Friplass eller reduksjon i foreldrebetaling på grunn av familien sin økonomi,

vert avgjort etter "Lov om sosiale tenester" etter søknad til NAV.

- **Oppseiing av plass i året.** Oppseiingsmånaden pluss påfølgjande månad.
- **Betaling ved stort sjukefråvere.** Ved fråvær som er vesentleg større enn vanleg, kan føresette søke reduksjon i foreldrebetalinga for delar av fråveret når det er ein følgje av sjukdom eller skade, funksjonshemming, behandlings- eller utgreiingsopphald på sjukehus eller liknande institusjon. Saman med søknaden må det følgje dokumentasjon av årsak til fråveret.
- **Misleghald av faktura.** Manglande betaling kan føre til at barnet mister plassen i SFO.
- **Hente for seint.** Grunna oppsette arbeidstider er det viktig at barnet blir henta til den tida det er avtalt. Dersom barnet ikkje blir henta innan avtalt tid og fastsett stengtetid i SFO, vil det bli fakturert eit gebyr.
- **Overflytting av «ubrukte» dagar** frå ei veke til ei annan, er det ikkje høve til.

Kommunestyret vedtek til vanleg prisen for opphald i SFO i desember kvart år med verknad frå 1. januar månaden etter. Kommunestyret kan og gjere vedtak om prisjustering elles gjennom året.

§7 LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Areala, både ute og inne, skal vera eigna for formålet, jf. Opplæringslova § 13-7. SFO kan nytte den einskilde skule sine klasserom, opphaldsrom, ute- og nærområde. Rektor avgjer kva rom som skal nyttast.

§ 8 LEIING OG BEMANNING

Rektor er pedagogisk og administrativ leiar for skulen si skulefritidsordning. Ein av dei tilsette har ansvaret for den daglege verksemda i SFO.

SFO skal ha ein forsvarleg bemanning der barna blir ivaretatt med omsyn til omsorg, trivsel og tryggleik. Rettleiande bemanningsfaktor er ein vaksen per 15 barn, men dette blir vurdert og bestemt av rektor ut frå alders- og gruppesamansetning.

§ 9 GENERELT

1. **Måltid:** Barna skal ha med seg mat og drikke til SFO.
2. **Forsikring:** Barna er ulukkesforsikra gjennom kommunen si ordning den tida dei er i SFO.
3. **Skyss:** Skyss frå til og frå SFO er foreldra sitt ansvar.

For barn i SFO som er funksjonshemma og mellompels skadde eller sjuke, gjeld Opplæringslova §7 -3, 2. ledd:

Elevar som har plass i skulefritidsordninga, jf. Opplæringslova § 13-7, og som på grunn av funksjonshemming og mellombels skade eller sjukdom har behov for skyss, har rett skyss til og frå skulefritidsordninga. Retten omfattar ikkje skyss i skoleferiane. Retten til skyss gjeld uavhengig av avstanden mellom heimen og skulefritidsordninga.

4. **Spesialundervisning:** Spesialundervisning etter §5-1 i Opplæringslova blir ikkje lagt til SFO-tida.
5. **Elevane sitt skulemiljø.** Reglane om elevane sitt skulemiljø i §9a i Opplæringslova gjeld også for SFO.
6. **Ordensreglar.** Skulen sine ordensreglar gjeld også i SFO-tida. Dette gjeld likevel ikkje reglar om bortvising.